

## Eigen informasjon for folkevalde; registrering av møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste

Det er særønskjeleg at folkevalde brukar Visma net.Expense til å registrere inn krav om møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste, i tillegg til registreringa av køyrde kilometer. Programmet er i utg.pkt ikkje mynta på slike registreringar, men ved å «improvisere» litt, går det an! 😊

- ❖ Gå inn og registrer møtet med «namn» (som f.eks Kommunestyremøte/Formannskapsmøte) og dato i overskrifta under «Reise».
- ❖ Gå vidare til «Kjørebok». Her skal talet på køyrde km inn. Opne nedtrekksmenyen under «Type kjøretøy». Der finn de mange alternativ, men vær merksam på at ved registrering av km skal du som folkevalt bruke «**Bil politiske møter**» (ikkje bruk «bil»).
- ❖ Neste steget er å gå til fana «Utlegg» Her skjer registreringa av møtegodtgjersla og evt. tapt arbeidsforteneste.
- ❖ For registrering av møtegodtgjersle: opne nedtrekksmenyen «velg type utlegg», og klikk på «Møtegodtgjersle fast sats». Her kjem dagens sats for «møtegodtgjersle over 3 timar» opp. Dersom du har møte med anna sats, for eksempel under 3 timar, eller gamal sats må du velje «Møtegodtgjersle manuell sats» og legge inn satsen sjølv. Trykk på «legg til».
- ❖ Så kan evt. tapt arbeidsforteneste registrerast inn. Opne nedtrekksmenyen på nytt og vel det rette av alternativa «Tapt arb.fortj. ansatt hjå annan arbeidsgjevar/Tapt arb.fortj. sjølvstendig næringsdrivande oa.» Vidare legg ein då inn beløpet som ein kan dokumentere at er trekt av annan arbeidsgjevar (den dokumentasjonen legg ein ved via appen Visma Attach), eller så legg ein inn beløpet som er blitt oppgjeve av lønningkontoret (for sjølvstendige som har levert dokumentasjon på inntekt) at skal brukast. **I feltet «formål» må du skrive antall timar \* sats.** Så klikkar du «Neste».
- ❖ Då kjem du til fana «Sammendrag». Her kjem oppsummeringa av det du har lagt inn. Kontroller at det som står der ser rett ut, og send til godkjenning når alt er i orden. 😊

Ein liten opplysning til slutt: om du opnar PDF-fila som høyrer til kvar enkelt reiserekning, så vil det sjå ut som om møtegodtgjersla og evt. tapt arb.forteneste er trekkfritt. Desse godtgjerslene er ikkje trekkfrie, men dette er ein «skjønneheitsfeil» som vi ikkje får gjort noko med inne i net.Expense'n. (Det er her ein merkar at vi brukar programmet litt utover det som tenkt..) Men, du vil sjå at det kjem som trekkpliktig på lønsslippen din, så alt blir rett til slutt. 😊